

## HANDLINGSPLAN FOR UTDANNINGSFORBUNDET BREMANGER 2022 - 2023

POLITIKK	LØNS OG ARBEIDSVILKÅR	ORGANISASJON
<p><b>Lærarprofesjonen:</b> Verne om det profesjonelle handlingsrommet.</p> <p>Arbeide for at pedagogar skal nyttast til pedagogisk arbeid. Vi treng både å rekruttere og behalde lærarar med lærarutdanning.</p>	<p><b>Trygge og helsefremjande arbeidsplassar:</b> Auke kunnskapen om arbeidsfaktorar som påverkar helse, trivsel, arbeidsevne og nærvær på arbeidsplassen. Arbeide for auka fokus på vald og trugslar om vald, ytringskultur, varsling og bruk av avvikssystem.</p>	<p><b>Bremanger lokallag:</b> Leggje møte og aktivitetar til ulike delar av kommunen, og bruke digitale møte.</p>
<p><b>Ressursar:</b> Arbeide for at politikarar løyver ressursar slik at alle barn, unge og vaksne får eit sosialt og godt fagleg tilbod. Synleggjere konsekvensar ved omstilling og kutt.</p>	<p><b>Fagfornyngja:</b> Arbeide for fagleg oppdatering i høve fagfornyngja og økonomiske rammer til læremiddel og utstyr.</p>	<p><b>Tilbod til medlemmar:</b> Arrangere medlemsmøte og legge til rette for pensjonistaktivitet.</p>
<p>Vi treng eit godt lag rundt barn, unge og vaksne elevar som kan støtte lærarprofesjonen.</p>	<p><b>Rettleiing av nyutdanna nyttilsette:</b> Arbeide for at skular og barnehagar har utdanna rettleiarar, og at nyutdanna nyttilsette får planlagt, regelmessig rettleiing det første året i arbeid.</p>	<p><b>Klubbutvikling:</b> God aktivitet og engasjement i klubbane.</p>
<p>Fleire barnehagelærarar, og auka bemanning i barnehagen.</p> <p>Styrar som er til stades i kvar barnehage.</p>	<p><b>Partssamarbeid:</b> Arbeide for at tillitsvald får tid til å utøve vervet sitt og arbeide for god praksis kring møte mellom leiar og tillitsvald på alle arbeidsplassar. Samarbeide tett med leiar og verneombod om gjennomføring av kvalitetsmøte ved einingane.</p>	<p><b>Vere synlege og aktive:</b> Gjere profesjonen vår meir synleg i lokalsamfunnet og vere ei røyst for profesjonen i høve saker som angår våre medlemmar.</p>
	<p><b>Leiarar:</b> Arbeide for gode rammevilkår for leiarane.</p>	<p><b>Fagforeiningsmedvit:</b> Arbeide for auka medvit kring fagforeiningsarbeid</p>
	<p><b>Arbeidstidsavtalar:</b> Arbeide for god praktisering av arbeidstidsavtalane.</p>	<p>Arbeide for eit godt samarbeid med dei andre fagforeiningane.</p>

